

BORE SKULE



Handlingsplan for eit godt, trygt og inkluderande skudemiljø

INNHOLD

INNHOLD

INNHOLD	2
BORE SKULE – PLAN FOR TRYGT OG GODT SKULEMILJØ	2
INNLEIING	2
FOLKEHELSE OG LIVSMEISTRING.....	3
SOSIALT ÅRSHJUL FOR ELEVANE	4
FORVENTINGAR.....	5
RUTINAR FOR UNDERSKNINGSPERSONALET	7
BRUKARMEDVERKNAD.....	8
SAMARBEID HEIM - SKULE	8
ELEVRÅD	10
TRIVSELSFREMMANDE TILTAK	10
SMART	10
ZIPPY OG EPLES VENNER	10
FADDERORDNING FOR 1. TRINN	11
TRIVSELSLEIARAR (TL).....	11
ALTERNATIV LÆRINGSARENA.....	11
ELEVUNDERSØKING 5. OG 6. TRINN, FORELDREUNDERSØKING OG TRIVSELSUNDERSØKING	12
HELSESJUKEPLEIAR	12
SOSIAL PEDAGOGISK TEAM.....	12
SAMVERSREGLAR BORE SKULE	13
DEFINISJON AV MOBBING OG KRENKJANDE ÅTFERD	14
§12-5 SKJERPA AKTIVITETSPLIKT DERSOM EIN SOM ARBEIDAR PÅ SKULEN KRENKJER EIN ELEV	20

BORE SKULE – PLAN FOR TRYGT OG GODT SKULEMILJØ

INNLEIING

I læreplanverket (LK 20) heiter det at opplæringa skal gje elevane «*kyndighet og modenhet til å møte livet sosialt, praktisk og personlig*». Det vert uttrykt at det i skulen skal arbeidast med å utvikle elevane sine sosiale ferdigheter. Skulen skal ikkje berre sjå til at elevane får skulefaglege kunnskapar, men og bidra til at elevane utviklar seg sosialt og personleg. På skulen skal elevane utvikle sosiale ferdigheter som samarbeid, sjølvkontroll, ansvar og empati for

andre. Sosial kompetanse er det omgrepene som best skildrar dette. Sosial kompetanse er me alle avhengige av for å kunne delta i sosiale fellesskap.

Alle elevane på Bore skule skal oppleve eit trygt, godt og inkluderande skolemiljø, fritt for mobbing og anna krenkjande åtferd.

Kapittel 12 i Opplæringslova omhandlar retten til eit trygt og godt skolemiljø. Denne planen viser korleis tilsette på Bore skule arbeider førebyggande for eit godt skolemiljø, og korleis vi skal handtere aktivitetsplikta som inneholder plikt til å følgje med, gripe inn, varsle, undersøke og sette inn tiltak og evaluere i saker kor elevane ikkje opplev å ha eit trygt og godt skolemiljø. I tillegg skal skulen dokumentere kva som blir gjort for å oppfylle aktivitetsplikta.



Å arbeide for eit godt oppvekstmiljø der elevane trivst og opplever meistring både sosialt og fagleg vil fremje folkehelse og livsmeistring. Elevane skal vera ein del av eit godt og meiningsfullt fellesskap, kor det skal vera rom for alle og dei skal kunne utvikle sin eigenart. Skulen har etter opplæringslova §12-2 ansvar for å sikre eit læringsmiljø som fremjar helse, inkludering, trivsel og læring. Skulen har nulltoleranse mot mobbing og krenkingar, og for å sikre elevane sin rett til trygt og god skolemiljø har skulen og dei tilsette der ein tydeleg aktivitetsplikt. I nulltoleransen ligg det både ei haldning og handling knytt til krenkjande åtferd.

Der er elevane si subjektive oppleving av situasjonen som avgjer om dei føler det er trygt og godt på skulen. Skulen skal ikkje berre sørge for at det er trygt og godt, men også fremje god psykisk helse.

Klepp kommune sin visjon «Med blikk for alle» skal vera ei leiestjerne for vårt elevsyn og det læringsmiljøet me ønskjer å legge til rette for. Dei vaksne skal gå føre som gode rollemodellar og fokusere på det positive hjå alle våre elevar. I dette arbeidet nyttar skulen blant anna SmART oppvekst.

Denne planen med vedlegg skal samle skulen sine mål, rutinar og tiltak opp mot Opplæringslova kapittel 12-Skolemiljøet til elevane. Planen seier noko om det me meiner er viktig for å byggje eit positivt læringsmiljø og den einskilde si oppleving av trivsel, tryggleik, helse og læring.

I læreplanverket (LK20) vart folkehelse og livsmeistring eit av dei tverrfaglege emna i overordna del. Livsmeistring i skulen skal gje elevane kompetanse som fremjar god psykisk og fysisk helse, og som gjev høve til å ta ansvarlege livsval. I barneskulen er utvikling av eit positivt sjølvbilete og ein trygg identitet særleg avgjerande. Livmeistring dreier seg om å forstå og kunne påverke faktorar som har betydning for meistring av eigne liv. Temaet skal bidra til at elevane lærar å handtere medgang og motgang på ein best mogleg måte.

SOSIALT ÅRSHJUL FOR ELEVANE

Månad	SMART	Sosialt mål:	1.-4.trinn + SFO	5. - 6.trinn
August / September	Omsorg, Respekt, Samarbeid, Hjelpsam og Nysgjerrig	Invitere alle med leik og samhandling. Å kunne glede andre og seg sjølv	Eg inviterer andre med i leik. Eg kan spørje om å bli med i leik. Eg tek i mot nye elevar på ein god måte. Eg kan kjenne igjen følelsen glede.	Eg inviterer andre med i samhandling og leik. Eg kan ta initiativ til å bli med på aktivitetar. Eg tek i mot nye elevar på ein god måte. Eg kan samarbeide med alle. Eg kan kjenne igjen følelsen glede.
Oktober	Mot Takksemrd Respekt Sjølvtillit Sjølvkontroll Integritet	Be om hjelp presentere meg sjølv og reagere på andre sine handlingar. Eg kan vise sjølvkontroll	Eg kan be om hjelp. Eg kan seie takk. Eg kan presentere meg sjølv. Eg kan seie stopp når det er nok.	Eg kan ta ordet i klassen. Eg kan stå for mine meininger. Eg kan sei stopp når det er nok. Eg kan stå imot gruppepress.
November	Å ta ansvar Respekt Integritet Tolmod	Regulere forholdet mellan åferd o ; følelsar. Tilpassa meg fellesskapet og ta omsyn til andre Eg kan vente på tur	Eg følger beskjed frå vaksne. Eg toler motgang i spel og leik. Eg lyttar til andre utan å avbryte.	Eg viser respekt og toleranse for medelevar og vaksne. Eg øver på å beherske sinnet mitt. Eg toler motgang i spel og leik.
Desember	Sjølvkontroll Respekt Mot Leiareigenskapar Å vera hjelpsam Tolmod	Du bestemmer over det du gjer p i ein positiv måte. Øve på å sjå konsekvensar av eigne handlingar	Eg er ein god læringsven. Eg høyrer etter når eg får ein beskjed.. Eg har orden på skulesakene mine.	Eg er ein god læringsven. Eg passer på at andre har det bra. Eg kjem presis til timen. Eg har orden på skulesakene mine.

Januar / Februar	Humor Samarbeid Humanisme Tolmod Respekt	Samarbeide ved å kunnen snakke og lytte på ein positiv måte.	Eg snakkar fint til og om andre. Eg kan samarbeide med læringsvenen min. Eg kan samarbeide i ei gruppe. Eg lyttar når andre har ordet. Eg rekker opp handa når eg vil sei noko.	Eg snakkar fint til og om andre. Eg ser på andre når dei snakkar.. Eg kan samarbeide med læringsvenen min. Eg er aktiv på ein positiv måte i undervisning og aktivitetar.
Mars / April	Samarbeid Mot Sjølvkontroll. Samarbeid Tolmod Hjelsam Respekt Takksam	Dele med kvarandre, hjelpe kvarandre Følge regler og beskjeder	Eg lyttar når andre har ordet. Eg snakkar fint til og om andre. Eg jobbar med andre sjølv om me ikkje er nære venner. Eg lyttar til andre si meining og kan finna løysingar når me er ueinige	Eg viser «Fair play». Eg lyttar når andre har ordet. Eg snakkar fint til og om andre. Eg samarbeider med andre sjølv om me ikkje er nære venner. Eg deltek og tar min del av ansvaret i gruppa.
Mai / Juni	Integritet Omsorg Sjølvkontroll Ansvar Respekt Humanisme, Å vera ærleg Tolmod Mot	Å forstå eigne og andre sine følelsar. Å kunne stopp-regelen .	Eg skal kunne sette namn på dei ulike følelsane; Glad, irritert sint, trist, sjalu, nervøs. Eg kan vera bevisst på eigne følelsar, kjenne igjen i kroppen og få teknikkar for å meistre vanskelege følelsar.	Eg skal kunne sette namn på dei ulike følelsane; Glad, irritert sint, trist, sjalu, nervøs, å takle redsel. Eg kan vera bevisst på eigne følelsar, kjenne igjen i kroppen og få teknikkar for å meistre vanskelege følelsar.

FORVENTINGAR

FORVENTINGAR TIL TILSETTE:

- Alle tilsette arbeider for å skape tryggleik for elevane
- Alle tilsette møter opplagde, engasjerte og har planlagt arbeidet godt og er oppdatert på ulike måtar
- Alle tilsette er autoritative vaksne, rettvise og set tydelege grenser
- Behandle elevane med omsorg og respekt
- Alle tilsette er tilgjengelege innafor arbeidstid, og tek kontakt med heimen om noko spesielt har hendt barnet ditt.

[?]

Ha fokus på elevane si jamlege tilbakemelding på eigen læring og utvikling, samt framovermelding for å auke læringsutbytet.

- Lytte til føresette sine innspel og meningar og ha tett dialog med heimen.
- Behandle kollegaer med omsorg og respekt.
- Er lojale mot det som blir bestemt.

FORVENTINGAR TIL LEIINGA:

- Sørge for at personalet har nødvendig kunnskap og kompetanse til å handtere uthyrt skolemiljø for både enkeltelev, og elevane som gruppe/ klasse.
- Behandle alle med respekt og vera ein støttespelar.
- Skape ein tett dialog mellom alle i skulesamfunnet.
- Ta tak i førespurnader kring det psykososiale miljøet
- Løfte det positive som skjer i læringsarbeidet

FORVENTINGAR TIL ELEVANE:

- Følgje skulen og Klepp kommune sine reglar, og bidra til at andre har det bra
- Vera høfleg, bruke fint språk og vente på tur
- Møte til rett tid, og bruke tida rett
- Seie frå til ein vaksen om ein ser nokon ikkje har det bra eller blir plaga av andre elevar
- Syne respekt, omsorg og ansvar for medelevar og vaksne
- Ta vare på skulen sin eigedom; bygnad, bøker, læringsbrett og anna utstyr
- Møte presis og har arbeidsro i timane, og har med nødvendig utstyr

FORVENTINGAR TIL FØRESETTE:

- Deltek på foreldremøte og utviklingssamtalar.
- Sørgjer for at barna kjem presis til skulen og har med riktig utstyr til rett tid/ aktivitet
- Skape gode rutinar for sunt kosthald, måltid og søvn

[?]

- Støtter opp og bidreg positivt til skulen sin innsats for trivsel, læring og tryggleik.
 - Snakke positivt om skulen o Ha nulltoleranse for mobbing og anna krenkjande åtferd
 - Fokusere på viktige verdiar som rett og galt, likeverd, toleranse, respekt, empati og god språkbruk
- Stille forventingar til barnet, og vera ein tydeleg vaksen som set grenser
Bidra til at skulen sin reglar og konsekvensar blir fulgt opp
- Følgjer opp heimearbeid og informasjon frå skulen

Skulen vil ha ein tett dialog og godt samarbeid med heimen, i felles arbeid med og for elevane. Skulen vil følgje ei slik tiltakskjede når det er nødvendig med tettare oppfølging kring enkeltbarn når det gjeld hendingar som omhandlar regelbrot/ uønskja hendingar:

- Samtale med elev
- Telefon heim
- Samtale med kontaktlærar og foreldre
- Samtale med avdelingsleiar, kontaktlærar og foreldre
- Samtale med rektor og foreldre

Skulen har ei forventing om at foreldre følgjer opp det ein kjem fram til. Skulen skal likeins følgje opp det som er avtalt.

Skulen viser til [Kommunikasjonslinje Bore skule](#).

RUTINAR FOR UNDERVISNINGSPERSONALET

KVAR MORGON SKAL LÆRAR:

- Møte ute minst 5 minutt før det ringer inn
- Vente ved døra til klasserommet
- Helse på kvar elev og seie god morgen ved inngang til klasserommet

| TIMANE SKAL LÆRAR:

?

- Syte for at elevane er mest mogleg merksame før timen startar
- Introdusere tema/ mål for økta
- Syte for arbeidsro etter gitt aktivitet
- Ferske elevane i å vera GODE
- Ta ei rask oppsummering før friminutt/evt slutten av dagen – nådde vi måla våre? (korking)

VED AVSLUTNING AV DAGEN SKAL LÆRAR:

- Syte for at elevane får med seg rette bøker heim
- Sjå til at rommet er ryddig
- Markere ei felles avslutning på dagen
- Syte for god overgang til SFO
- Sjå til at lyset er sløkt og vindauge att

PÅMINNING OM GOD VAKT:

- God vakt er på plass på sitt område når friminuttet startar, og er der til det ringer inn
 - God vakt har på gul vest
 - God vakt oppmodar elevane til rask inngang
 - God vakt er oppsökjande, og oppsökjer blant anna «blinde soner» i skulegarden
 - God vakt grip inn i situasjonar og følgjer opp i etterkant
 - God vakt oppsökjer elevar som går åleine
 - God vakt nyttar tida proaktivt til å bli kjent med elevane, og til å byggje relasjoner
 - God vakt hjelper elevar inn i aktivitetar
-
- Ved første snødag og dei to første vekene etter sommarferien styrker me vakthaldet ute i alle friminutt.
 - Skulen har eigen tilsynsplan

BRUKARMEDVERKNAD

SAMARBEID HEIM - SKULE

Ein føresetnad for eit positivt elevmiljø er at heimen og skulen har eit godt samarbeid. Me ønskjer å ha ein god og open kommunikasjon kor det skal vera lett å ta kontakt. Me arbeider for ein god og open kommunikasjon, kor me ønskjer å vera lett tilgjengelege.

?

Me har fast organisering for samarbeid:

- Skulen inviterer alle føresette til utviklingssamtalar to gonger i året. Dette er ein samtale mellom elev, føresette og kontaktlærar. På denne samtalen skal alle involverte saman setje opp både faglege og sosiale mål for neste periode. Det blir og snakka om eleven sin trivsel på kvar samtale.
- I forkant av utviklingssamtalane blir det og gjennomført elevsamtalane mellom lærar og elev. Elevsamtalet skal ha eit positivt og førebyggjande utgangspunkt. Det skal leggjast vekt på både sosiale og faglege forhold.
- Føresette blir innkalla til foreldremøte to gonger i året. Her tek me opp tema som er viktige for elevane, skulen og heimane.
- Kvar år blir det vald foreldrekontaktar. Dei skal saman med dei andre føresette på trinnet aktivt delta for å fremje eit positivt elevmiljø, til dømes ved å arrangere spelekeldar, turar, avslutningar o.l. Det er veldig viktig på slike aktivitetar at alle vaksne er deltagande i lag med barna.
- Foreldrekontaktane lager saman med kontaktlærar eit oversyn over sosiale arrangement og kven som har ansvar for organiseringa for komande skuleår.
- Nokre foreldre frå alle trinn blir og valde til å sitje i FAU. FAU består av foreldrekontaktar som fremjar saker og medverkar i arbeidet for å skape eit godt skolemiljø.
- Skulen har samarbeidsutval (SU) som er skulen sitt hovudutval med alle partane i skulen representert; to elevar, to foreldre, to lærarrepresentantar, ein for andre tilsette, og to kommunale representantar (folkevald og rektor). I tillegg har ein eit skolemiljøutval (SMU) kor det kjem ein ekstra elev og ein ekstra forelder i tillegg til representantane i SU.

ELEVÅRD

Ein viktig del av det systematiske skolemiljøarbeidet, er involvering av elevane. Dei har rett til å bli informert, involvert og høyrte. Elevrådet på Bore skule arbeider aktivt for eit trygt og godt skolemiljø for alle elevane.

§ 10-2 Elevane sin rett til medverknad og § 10-4 Skoledemokratiet

Elevrådet er elevane sitt demokratiske organ, vald av elevane for elevane. Representantar deltek frå 2. – 6. trinn, med ein representant og ein vara frå kvar klasse. Dei blir valde i byrjinga av kvart skuleår. Det er elevrådsmøter ein til to gonger per månad. Elevane fremjar sjølvre saker dei ønskjer å ta opp i elevrådet. Kontaktlærarane informerer om sakene på 1. trinn.

Det er elevrådet si oppgåve å representera elevane på skulen overfor rektor og andre som bestemmer på skulen. Elevrådet skal arbeida med ulike trivselstiltak, som kan gjera skuledagen meir triveleg. Det er viktig at elevrådet får diskutere skulen sine standardar, for å sikre alle elevar eit godt skolemiljø. Elevrådet skal kontinuerleg arbeida med trivsel og førebyggja mobbing og dei som er valde inn i elevrådet får eit ekstra ansvar med å gå føre som gode eksemplar.

TRIVSELSFREMMANDE TILTAK

SMART

Bore skule har i fleire år arbeidd med SmART. SmART står for styrkefokus, medverknad, anerkjenning, relasjonar og trening. SmART bruker eit styrkebasert perspektiv og deltagande metoder. SmART skal bidra til robuste elevar som taklar det livet vil by på av medgang og motgang. SmART skal utvikle eit fellesskap der ALLE opplever å vera inkludert, ha engasjement, livsglede og håp. For å få til dette legg SmART vekt på eigenskapane som kvar enkelt menneske har med å forsterke desse positivt. SmART har fokus på styrkane til elevane og vil forsterke desse. Metodane SmART bruker er å førebygge og ikkje reparere, og metoden ønsker å involvere elevane til å bli deltagarar i eige liv.

ZIPPY OG EPLES VENNER

1.-4. steg arbeider systematisk med «Zippys venner» og «Eples venner» som er evidensbaserte program frå Vaksne for barn, kor ein trenar på livsmeistring gjennom
å meistre dagleglivet sine utfordringar, å identifisere og
snakke om følelsar, og å støtte andre.¹



¹ <https://vfb.no/produkter-og-tjenester/skoleprogrammer/zippy/>

KLASSELEIING

SMART og klasseleiing heng nøye saman. Det er derfor viktig at dei vaksne har gode relasjonar til elevane, god leiing, gir tydelege beskjedar og har gode ritual i klasserom og elles. Då vil og elevane sin kvardag bli enklare.

Den autoritative læraran har stor relasjonell kompetanse og ein god relasjon mellom lærar og elev er hjørnestenen i god klasseleiing. Forsking viser at lærar – elev – relasjonen har stor påverknad for elevane sine læringsresultat og åtferd. Ein positiv relasjon bygger på læraren si vilje til å bry seg om alle elevane, vise interesse for den einskilde, vera støttande og ha forventningar om utvikling. Elevane må vite kva læraren forventar og det må være ei gjensidig respekt og tillit som gjer at dei kan være saman om det arbeidet som skal gjerast. Den autoritative læraren er tydeleg og har kontroll, samstundes som han eller ho er støttande og empatisk og anerkjenner eleven som aktør i læringsarbeidet i klasserommet. Læraren si evne til å lese klassar og grupper er ein av de viktigaste faktorane i arbeidet mot mobbing og for å skape gode læringsmiljø. God klasseleiing vert kjenneteikna av ein tydeleg struktur i undervisinga og formulering av tydelege mål for elevane si læring og læringsmiljø.

FADDERORDNING FOR 1. TRINN

Føremålet med fadderordninga er at dei yngste elevane skal kjenna seg trygge på at det er nokre eldre elevar som passar på dei litt ekstra. Det er og ønskjeleg at dei eldre elevane kjenner ansvar for dei som er yngre og der gjennom få verdifull erfaring. Fadrane må aktivt bidra for å få eit godt miljø som inkluderer alle. Det er 5. trinn som er fadrar for 1. trinn og 6. trinn er fadrar for 2. trinn. Ved byrjinga av kvart skuleår blir det laga ein plan over felles aktivitetar, turar og anna samarbeid mellom trinnet til fadrane og trinnet til fadderborna.

FELLES AKTIVITETAR

Når me opplever noko saman, lærer vi kvarandre betre å kjenne. Me har i løpet av eit skuleår fleire aktivitetar kor heile skulen er saman.

TRIVESLSELIERARAR (TL)

Triveselslederene er elevar frå 4., 5. og 6.trinn som organiserer varierte leiker ute i dei lange friminutta. Målet med dette er å bidra til meir aktivitet, at det skal være eit lett tilgjengeleg aktivitetstilbod.

For å bli TL må du:

- Vera omsorgsfull og ønskje at alle skal ha det bra og være med i leiken
- Vera inkluderande og våga å seia i frå
- Lika å organisera, setja i gong og leda leiker
- Ta ansvar og rydda inn alt utstyr på plass

ALTERNATIV LÆRINGSARENA

Me har ulike tilbod til elevar på 2.-6. trinn som treng alternativ arena og praktisk retta undervisning. Tilboden er behovsprøvd og blir drøfta i leiargruppa saman med kontaktlærar og sos.ped.teamet. Me har mellom anna:

- Lille hjelpar
- Føniks
- Vaktmeistergruppe

ELEVUNDERSØKING 5. OG 6. TRINN, FORELDREUNDERSØKING OG TRIVSELSUNDERSØKING

Me gjennomfører nasjonal elevundersøking ein gong i året, og foreldreundersøkinga annakvart år. Fire gonger i året gjennomfører skulen ein eigen klassetrivselundersøking, og to gonger relasjonskartlegging. Desse blir brukt for å kartlegge og jobbe med den sosiale utviklinga i klassen og for den einskilde elev. Dersom undersøkingane avdekker problem, sørger skuleleiinga i samarbeid med kontaktlærar og sosial pedagogisk team for at sakene blir tekne tak i.

HELSESJUKEPLEIAR

Bore skule har to helsesjukepleiarar knytta til skulen. Dei er tilgjengeleg for elevar, lærarar og føresette som treng råd og rettleiing. Helsesjukepleiar arbeidar helsefremjande og førebyggjande og arbeider etter nasjonale retningslinjer. På skulen vaksinerar ho og har samtaler både i gruppe og med enkeltelevar. Ho sjekkar syn og høyrsla om det er mistanke om at det ikkje er bra. Ho deltek i undervisning på aktuelle trinn både når det gjeld sorg, pubertet og andre aktuelle tema. Ho har og PIS-grupper for dei som har to heimar og kan delta i jente- og guttegrupper. Helsesjukepleiar deltek i tverrfaglege møter på skulen og samarbeider med skulelege, fysioterapeut, PPT, barnevern, familieeininger i Klepp, fastlege og spesialisthelseteneste.

Eleven kan sjølve ta kontakt med helsesjukepleiar om dei ønskjer nokon å snakka med. Føresette kan også ta kontakt om dei opplever utfordringar/spørsmål omkring eleven anten det er skulen eller heime.

SOSIAL PEDAGOGISK TEAM

Skulen har ein sosiallærar og to miljøterapeutar som er skulen sitt «sos.ped.team».

Sos.ped.teamet har som oppgåve å halde oversikt over det sosiale livet på skulen, og kan jobbe med enkeltelevarar, grupper eller klasser. Elevane kan vende seg til sos.ped.teamet for å snakke om ting som opptek dei og som kan vera vanskeleg i kvardagen. Det kan vera eigen usikkerheit, vanskelege tankar, konfliktar på skulen, vanskelege forhold i heimen, mobbing eller heilt andre ting dei lurer på.

SAMVERSREGLAR BORE SKULE

Ein føresetnad for eit godt miljø er føreseieleg og tryggleik og når det kjem til reglar, rutinar og konsekvensar. På Bore skule:

- Snakkar me fint til og om kvarandre
- Me er inkluderande
- Me høyrer etter og følger beskjeder
- Me held armer og bein for oss sjølv
- Me ryddar etter oss
- Me lar andre sine ting vera i fred

I tillegg viser me til [Ordensreglement](#) for skulane i Klepp. Desse reglane skal følgjast opp med positive tilbakemeldingar på god oppførsel og konsekvensar for brot på reglane. Dette skal følgjast opp av alle dei vaksne på skulen.

KVA SEIER REGELVERKET OM ELEVANE SITT SKULEMILJØ?

Opplæringslova kapittel 12 handlar om eleven sitt skolemiljø.

§ 12-2 omhandlar retten til eit trygt og godt skolemiljø:

«Alle elevar har rett til eit trygt og godt skolemiljø som fremjar helse, inkludering, trivsel og læring».

Alle skular skal ha nulltoleranse og arbeide førebyggjande §12-3.:

«Skolen skal ikkje godta krenkande oppførsel, som til dømes mobbing, vald, diskriminering og traksassering. Skolen skal arbeide kontinuerleg for at alle elevane skal ha eit trygt og godt skolemiljø.»

§12-4 omhandlar aktivitetsplikta for å sikre at elevar har eit trygt og godt psykososialt skolemiljø:

«Alle som arbeider på skolen, skal følgje med på korleis elevane har det, og om mogleg gripe inn dersom nokon krenkjer ein elev. Alle som arbeider på skolen, skal melde frå til rektor dersom dei får mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skolemiljø. Det gjeld også når ein elev seier sjølv at ho elle rhan ikkje har det trygt og godt. Skolen skal snarast undersøkje saka og rette opp situasjonen med eigna tilta. Rektor skal melde frå til kommunen i alvorlege tilfelle.»

Skolen skal sørge for at involverte elevar blir høyrde. Kva som er best for elevane, skal vere eit grunnleggjande omsyn i skolen sitt arbeid.

Skolen skal lage ein skriftleg plan når det skal gjerast tiltak i ei sak. I planen skal det stå

- a. kva problem tiltaka skal løyse
- b. kva tiltak skolen har planlagt
- c. når tiltaka skal gjennomførast
- d. kven som skal gjennomføre tiltaka
- e. når tiltaka skal evaluerast.

«Skolen skal dokumentere kva som blir gjort for å oppfylle aktivitetsplikta etter første til andre ledd, i den forma og det omfanget som er nødvendig.»

For alle som utfører arbeid på skulen er det ein skjerpa aktivitetsplikt om nokon krenkjer ein elev, §12-5:

«Dersom ein som arbeider på skolen, får mistanke om eller kjennskap til at ein annan som arbeider på skolen, krenkjer ein elev, skal vedkommande straks melde frå til rektor. Rektor skal melde frå til kommunen eller fylkeskommunen, med mindre meldinga er openbert grunnlaus.

Dersom ein som arbeider på skolen, får mistanke om eller kjennskap til at ein i leiinga ved skolen krenkjer ein elev, skal vedkommande melde frå til kommunen eller fylkeskommunen direkte.»

Det er Statsforvaltaren i Rogaland som handhever aktivitetsplikta i enkeltsaker, §12-6:

«Dersom ein elev ikkje har eit trygt og godt skolemiljø, kan eleven eller foreldra melde saka til statsforvaltaren etter at saka er tatt opp med rektor. Statsforvaltaren skal avgjere om plikta til å rette opp situasjonen med eigna tiltak etter §12-4 andre ledd og plikta til å lage ein skriftleg plan etter §12-4 tredje ledd er oppfylt. Dersom saka ikkje er tatt opp med rektor, det er under ei veke sidan ho vart tatt opp eller eleven ikkje lenger går på den aktuelle skolen, skal statsforvaltaren avvise saka, om det ikkje er særlege grunnar til å behandle ho.»

Skolen og skoleeigaren skal utan hinder av lovfesta teieplikt leggje fram alle opplysningar som statsforvaltaren meiner må til for å greie ut saka.

Kjem statsforvaltaren til at skolen ikkje har oppfylt aktivitetsplikta etter §12-4 andre ledd eller plikta til å lage ein skriftleg plan etter §12-4 tredje ledd, kan statsforvaltaren påleggje kommunen eller fylkeskommunen å rette forholdet. Dersom saka elles vil bli unødig forseinka, eller dersom det er grunn til å tru at kommunen eller fylkeskommunen ikkje kjem til å rette forholdet, kan statsforvaltaren vedta kva skolen skal gjere for at eleven skal få eit trygt og godt skolemiljø. Statsforvaltaren kan vedta reaksjonar etter skolereglane, jf §10-7, eller vedta at ein elev skal bytte skole, jf §13-2.

Avgjerda til statsforvaltaren er eit enkeltvedtak. Statsforvaltaren skal setje ein frist for gjennomføringa av vedtaket og følgje opp saka.

<https://www.udir.no/nullmobbing>

DEFINISJON AV MOBBING OG KRENKJANDE ÅTFERD

«Med mobbing eller plaging forstår vi psykisk og eller fysisk vald mot eit offer, utført av enkeltperson eller grupper. Det er ujamt styrkeforhold mellom offer og plager, og episodane gjentas over tid» (Roland og Vaaland)

Trygt og godt skolemiljø handlar om meir enn berre mobbing.

« Mobbing av barn og unge er handlingar frå vaksne og/ eller barn og unge som hindrar opplevinga av å høyre til, å være en betydningsfull deltakar i fellesskapet og moglegheita til medverknad» (Lund, Helgeland, Kovac, 2017)

Mobbing kan sjåast på som enkeltkrenkingar i rekkjefølgje. For å stoppa mobbing, må den einskilde krenkinga bli avdekka og stoppast tidleg, før dei blir mange og meir alvorlege. **KRENKING KAN HA MANGE FORMER.**

NOKRE DØME ER:

- Uthenging
- Negativ omtale på internett eller sosiale media
- Baksnakking og spreiling av lygn
- Vald og fysiske overgrep
- Øydelegging og steling av ting
- Truslar
- Ironi og sarkasme
- Stemmeleie og herming
- Kroppsspråk
- Slutte å snakka når ein elev kjem
- Kallenamn som er negativt meint
- Kjefting
- Systematisk avvising eller strykning av ein som internettven
- Utestenging i form av ikkje å bli ringt til eller kontakta mens alle andre er samla
- Negative blikk
- At skulen, medelevar og tilsette blir omtala positivt til barnet.
- Barnets beste vurdering


RUTINER I SAKER SOM GJELD UTRYGT SKULEMILJØ/ KRENKING/ MOBBING

Etter lova har alle elevar rett til eit trygt og godt skolemiljø som fremjer trivsel og læring, og skulen har ei plikt til å oppfylle dette. Aktivitetsplikta gjeld alle som arbeider i skulen eller utfører arbeid eller tenester som medfører at dei har kontakt med, eller observerer elevar.

Formål: Sikre at skulen handlar raskt og riktig når ein elev ikkje har det trøgt og godt på skulen.

Alle tilsette ved skulen har ei aktivitetsplikt som seier at me skal:

1. Følgja med
2. Gripa inn
3. Varsla
4. Undersøkje
5. Setje inn tiltak og evaluere
6. Dokumentere



Ved mistanke eller kjennskap til at ein elev blir utsett for krenkande ord og handlingar, skal tilsette nyttja varslingsskjema. Foreldre kan informere/ varsle skulen på fleire ulike måtar:

- «trykke» på mobbeknappen på skulen si heimeside
 - o På heimesida ligg det ein raud knapp, kalla mobbeknapp. Her kan elevar eller føresette mælda frå om utrygt skulemiljø, krenking og/ eller mobbing. Ved å gå til skulen sine nettsider og senda ei melding frå denne mobbeknappen, vil det gå ein e-post til rektor.
- Skrive mail
- Sende melding på Visma eller telefon
- Ringe skulen eller rektor
- Kome til skulen

Skulen har plikt til å undersøkje saka og til å lage ein aktivitetsplan dersom ein ser at retten til å ha eit trygt og godt skulemiljø som fremjer helse, trivsel og læring ikkje er tilstade for eleven. Skulen skal sikre at eleven si subjektive oppleving kjem fram og at tiltak blir sett i gang så raskt som mogleg. Dette skal dokumenterast i ein aktivitetsplan.

Skulen skal følgje opp tiltaka som blir sett inn for å stoppe krenkande åtferd/ sikre eit trygt skulemiljø, og sjå til at dei verkar etter intensjonen. Tiltaka skal evaluerast med jamlege møter. Nye tiltak skal setjast inn dersom skulemiljøet ikkje har blitt trygt, og det blir utarbeidd ein ny aktivitetsplan.

Plikt	Kva vil det seie?	Korleis
1 Følgje med	<p>Alle som arbeider på skulen har plikt til å følgja med på om elevane har eit trygt og godt skulemiljø. Hugs at dette også gjeld vaktmeister, reinhaldarar og helsejukepleiar.</p> <p>Rektor skal sikre at alle som har kunnskap om kva som kan vera teikn på at ein elev ikkje har det trygt og godt.</p> <p>Personalet må i fellesskap reflektere over kor og når krenkingar kan skje og kven som kan vera utsett for å bli krenka eller som sjølv krenkjer.</p> <p>Rektor skal sikre at alle på skulen følgjer spesielt godt med på sårbare elevar og at personalet har kunnskap om kva forhold rundt ein elev som kan gjera eleven særskilt sårbar</p> <p>Rektor skal sikre korleis skulen systematisk får informasjon frå elevane om korleis dei</p>	<p>Døme:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Vaktordning. Korleis og innhald/oppgåver • Observasjon formell og uformell • Elevsamtaalar • Trivselundersøkingar • Elevundersøkinga • Diskutera ekstra sårbare elevar på trinn/team
	<p>opplever skulemiljøet. (Når skal det gjerast og kven er ansvarleg)</p> <p>Rektor skal sikre at alle som arbeider ved skulen har kunnskap om at det er eleven si subjektive oppleveling som avgjer om eleven har det trygt og godt.</p>	
2 Gripe inn	<p>Krav om nulltoleranse: Rektor må sørge for at alle som arbeider ved skulen straks grip inn ved krenkingar som uteslenging, isolering, baksnakking, mobbing, vald og diskriminering.</p> <p>Rektor skal sørge for at dei tilsette kjenner til korleis dei skal gripa inn.</p> <p>Plikta til å gripe inn er begrensa til inngrep som er moglege å gjennomføre. Me skal ikkje skade oss sjølv eller andre, eller krenke andre for å stanse situasjonen, med mindre det er naudrett.</p>	<p>Døme</p> <ul style="list-style-type: none"> • Negativ åtferd skal stoppast på ein tydleg og respektfull måte. • Henvend deg tydeleg til ein og ein elev –framfor til heile gruppa. • Gje ein tydeleg og klar beskjed. • Bruk av namn er eit sterkt verkemiddel • Avtal gjerne oppfølging

3 Varsle	<p>Rektor skal sikre at alle som arbeider i skulen, raskt varslar rektor dersom dei får mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skolemiljø. Sjå eigen rutine for å varsle.</p> <p>Rektor skal varsle skuleeigar om alvorlege tilfelle</p>	<p>Døme</p> <ul style="list-style-type: none"> • Når ein tilsett får mistanke eller kjennskap til at ein elev ikkje har det trygt og godt, skal dette varselet gå til rektor same dag. • Varselet skal skje skriftleg på eige varslingskjema. Du skal sikre at du veit at rektor har motteke varselet. <p>Døme:</p> <ul style="list-style-type: none"> • I alvorlege saker skal rektor varsle skulesjefen. • Det kan vera saker som er særleg valdelege eller integritetskrenkande, fleire elevar er involvert i mobbing mot enkeltelev eller til dømes digital mobbing på tvers av skular.
4	Rektor skal sikra at skulen undersøkjer saka snarast når skulen får mistanke eller	Døme:

	<p>Undersøkje kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø.</p> <p>Rektor skal sikra at alle som arbeider på skulen veit korleis dei skal undersøkje og følgje opp at dette blir gjort. Sjå eigen rutine for å undersøkje</p> <p>Skulen må nyta ulike og varierte måtar å undersøkje på. Undersøkingane skal få fram:</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. Fakta om situasjonen. Avdekka kva som har skjedd. 2. Eleven si oppleveling av skulemiljøet. <p>Skulen skal ikkje skaffe og vurdera bevis for eller mot at eleven er blitt krenka eller mobba</p> <p>Rektor skal sikre at alle involverte elevar skal bli høyrte.</p> <p>Undersøkingane skal vera grunnlaget for å sette i verk effektive tiltak.</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Saka skal undersøkast same dag - eller dagen etter dersom varslinga kjem etter skuletid. • Elevsamtalar • Samtale med føresette • Observasjonar • Spekter/Klassetrivsel/Innblíkk <p>Analyse av resultata er viktig og når undersøkingane er ferdig, skal det trekkast ein konklusjon.</p> <p>Undersøkingane skal dokumenterast gjennom eigne notat/ referat eller som ein del av innleiinga til aktivitetsplanen.</p>
5 Sette inn tiltak	<p>Rektor skal sikre at det blir sett inn eigna tiltak dersom retten til eit trygt og godt skulemiljø ikkje er oppfylt. Plikten til å setje inn tiltak gjeld uavhengig av kva som er årsaka til at eleven ikkje opplever skulemiljøet som trygt og godt.</p> <p>Rektor skal sørge for at val av tiltak blir gjort ut frå faglege vurderingar.</p> <p>Eleven sitt beste skal vera eit grunnleggjande omsyn når ein set inn tiltak</p> <p>Rektor skal sørge for at elevar som har tiltak retta mot seg, også har rett til å uttala seg. Det skal også skriftleggjerast som Barnets stemme.</p> <p>I tillegg skal skulen følgje opp tiltaka, evaluere verknad av tiltaka og leggje til eller endre tiltak viss det er naudsynt. Det skal då utarbeidast ny og oppdatert aktivitetsplan.</p> <p>Plikten til å setja inn tiltak gjeld så lenge eleven ikkje opplever skulemiljøet som trygt og godt.</p>	<p>Tiltaka kan rettast mot:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Den som vert krenka • Den som krenkjar • Tilskodarar • Gruppa/trinnet • Heile skulemiljøet <p>Tiltaka skal vera tydelege, ha presise mål og hensikta med tiltaket skal konkretiserast.</p> <ul style="list-style-type: none"> • Tiltak som er eigna i ei sak kan vera ueigna i andre saker. ↗ <p>Tiltaka skal vera lovlege. Sanksjonar skal vera i tråd med ordensreglementet til kommunen.</p>

	Sjå eigen rutine for å setje inn tiltak og evaluere	
6 Dokumentere	Syner til føringane over her på delplikt 1-5.	

§12-5 SKJERPA AKTIVITETSPLIKTT DERSOM EIN SOM ARBEIDAR PÅ SKULEN KRENKJER EIN ELEV

Plikt	Kva vil det seie?
Plikt til straks å varsle rektor	<ul style="list-style-type: none"> Rektor skal sikre at alle som arbeider på skulen, straks varsler rektor dersom dei får mistanke eller kjennskap til at ein som arbeider ved skulen har krenka ein eller fleire elevar. Krenking kan her vera direkte krenkingar eller indirekte krenkingar som utestenging, baksnakking og isolering. Varslinga skal skje ved bruk av varslingsskjema. Rektor vil og snakke med den som varslar. Eige skjema på Teams under mappa Trygt skulemiljø
Plikt til straks å varsle skuleeigar	<ul style="list-style-type: none"> Rektor skal sikre at dei tilsette veit at dei skal varsle skuleeigar dersom mistanken gjeld ein i skuleleiinga. Skulesjef i kommunen skal varslast. Eige skjema på Teams under mappa Trygt skulemiljø Rektor skal varsle skuleeigar straks (same dag) dersom det er mistanke eller kjennskap til at ein som arbeider på skulen har krenka ein eller fleire elevar.
Plikte til straks å undersøke saka	<p>Rektor skal sikre at skulen undersøkjer saka straks.</p> <p>Skulen må ha ein rutine/prosedyre som seier noko om:</p> <ul style="list-style-type: none"> Når det skal undersøkjast? Korleis skulen skal undersøkje? Alle involverte partar skal verta høyrde Det skal vera referat frå alle samtalar. <p>Rektor skal vurdere subjektivt og objektivt om den tilsette har utøvd krenkande åtferd. Utfallet kan uansett vera at eleven skal ha ein aktivitetsplan.</p> <p>Det er rektor som undersøkjer saka.</p>

VEDLEGG TIL BORE SKULE SIN HANDLINGSPLAN:

- Mal for aktivitetsplan
- Mal for evalueringsskjema
- Varslingsskjema for tilsette i skulen
- Varslingsskjema for kapittel 9a-5
- Varslingsskjema for om ein i leiinga krenkjer
- Bore skule sitt årshjul for å kontinuerleg, systematisk og førebyggjande sikre eit trygt og godt skolemiljø
- Rutine for varsling i saker som omhandlar trygt og godt skolemiljø- Bore skule
- Rutine for undersøking i saker som omhandlar trygt og godt skolemiljø- Bore skule
- Rutine for å setje inn tiltak og evaluere i saker som omhandlar trygt og godt skolemiljø- Bore skule
- Kommunikasjonslinje Bore skule
- Varslingslinje trygt og godt skolemiljø
- Ordensreglement for skulane i Klepp kommune
- Barnets beste vurdering